



Sunnfjord  
kommune




# Viksdalen barnehage

## Barnehageportrett



## Historiske barnetal frå 2008 – 2023



## Kapasitetsutnytting

Faktorar	15.12.2023	30.06.2024	2024/2025
Barn under 3 år	3	4	4
Barn over 3 år	6	5	7
Godkjent leike- og opphaldsareal kvm	130,0	130,0	130,0
Arealutnytting kvm	45,0	46,5	55,5
Kapasitet arealplassar	77,1	77,1	77,1
Arealplassar i bruk	58,2	58,5	60,5
Ledige arealplassar	18,9	18,6	16,6

## Bemanning i årsverk

Bemanning etter teneste 201

Faktorar	2023/2024	2024/2025
Styrrar	0,4	0,4
Assisterande styrrar	0,0	0,0
Pedagogisk leiar	1,4	1,4
Barnehagelærar	0,0	0,0
Fagarbeidar	0,6	0,6
Assistent	0,0	0,0
Lærling	0,0	0,0
Snittalder		49,3

## Grunnbemanning

Bemanningsnorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per vaksen	4,7	3,7	6,0	4,9

## Pedagognorm

Pedagognorm	2020	2021	2022	2023
Tal barn per pedagog	12,5	11,7	13,0	8,6

## Økonomi

Økonomi	2020	2021	2022	2023
Rekneskap	1 977 157	2 163 958	2 002 668	2 001 776
Budsjett	2 060 147	2 215 839	2 502 767	2 828 489
Kostnad per heiltidsplass	191 957	225 412	190 730	253 389

## Tilbod og utvikling i sektoren

Skule	Viksdalen skule.
Tilknytning til andre tenestetilbod	I same lokale som barnehagen, Viksdalen bygdetun er det eit bibliotekfilial.
Bustad og næring	Vikja har avgrensa med bustadkapasitet utanfor det som er definert som sentrum. Fortetting i sentrum vil gje vekst, men truleg ikkje attraktivt for småbarnsforeldre. Utanfor sentrum har vi nokre LNF-spreidd som kan vere meir attraktiv for småbarnsforeldre. Ingen areal er sett av til næringsareal, men det er nokre områder sett av til LNF-spreidd næring. Det er ledig kapasitet i eksisterande bustadar i Viksdalen.

## Bygningsmasse

Byggeår	1978, kommunal i 1997.
Areal	426 kvm
Godkjent leike- og opphaldsareal	130 kvm
Uteareal	2 545 kvm

## Andre forhold

Avstand til Førde sentrum	39,8 km
Avstand til Holsen barnehage	18,9 km
Avstand til Sande barnehage	23,7 km

## Tilbakemelding frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

#### Dette er vi tilfreds med

- Personalet har lang erfaring og god kompetanse
- Vi er tett på naturen og brukar naturen i det pedagogiske arbeidet
- Vi lagar leikemiljø i barnehagen etter barna sine interesser. Vi byter om på materiell og legg til rette for leik og læring
- Barna, omsorg og tryggleik vert prioritert først når vi må ta val

#### Forbetringsområder

- Kompetanseheving på ulike tema
- Styrke planarbeidet
- Treng fagleg påfyll

- Budsjett til å kunne reise på turar i nærmiljøet, og for å kunne få opplevingar som konsertar, kino og teater

## Organisasjonsmessige forhold

### Dette er vi tilfreds med

- Barnehagen har mykje areal og god plass. Dette gjer til at vi kan dele oss i mindre grupper alt etter kva aktivitet og leik som finn stad
- Barna er på same avdeling frå dei startar i barnehagen til dei sluttar. Dette gir færre overgangar og meir tryggleik
- Har god plass på uteområde, i tillegg til flotte turområde utanfor barnehagen

### Forbetringsområder

- Fornyng av utstyr og teknologi, samt kontinuerleg vedlikehald av bygg og uteområde

## Barnehagen i lokalsamfunnet

### Dette er vi tilfreds med

- Viksdalen barnehage ligg i sentrum, og er viktig for å skape tilhøyrse for barn og foreldre.
- Barnehagen blir eit møtepunkt og det er ein fin arena å knyte kontakt med andre familiar på gjennom ulike arrangement.
- Barnehagen vert brukt som møtestad utanom opningstida. Dette er viktig for innbyggjarane i bygda

### Forbetringsområder

- Det er litt store avstandar til plassar utanfor sentrum som vi gjerne skulle nytta meir.

## Andre innspel

- Strukturendringar i barnehagesektoren vil påverke nærmiljøet, busetnad og bumiljø
- Eit minstekrav for levande bygder er barnehage og skule. Vi ynskjer å ha ei bygd som er freistande for nye å kome til.

## Prosjektgruppa si oppsummering

### No- situasjonen

Vi har nytta Utdanningsdirektoratet (Udir) sin bemanningskalkulator for barnehage<sup>1</sup> for å sjå om barnehagen stettar lovkrava etter bemanningsnorma og pedagognorma, og korleis fagmiljøet er i barnehagen. Tala som er lagt til grunn er barnetalet i tabellen kapasitetsutnytting og tabellen bemanning i årsverk for barnehageåret 2024/2025.

---

<sup>1</sup> [Utdanningsdirektoratet – bemanningskalkulator for barnehage](#)

Viksdalen barnehage følger verken bemanningsnorma eller pedagognorma. Det er ikkje overtalligheit i barnehagen basert på utrekningane i bemanningskalkulatoren til Udir.

Det er eit godt fagmiljø i barnehagen og eit engasjert personale som bidreg til eit positivt læringsmiljø og tryggleik for barna. Barnehagen er liten og det kan avgrense fagmiljøet.

Barnehagen blei etablert i 1978, det er ikkje gjort større oppgraderingar. Ut i frå kriteria vi har lagt til grunn har barnehagen gode fasilitetar for både tilsette og barn. Barnehagen har ledig kapasitet i bygget ut i frå arealplassar.

## Kva kan dette bety for barnehagen i framtida

### Pedagogisk

- Å få tak i nok kvalifiserte barnehagelærarar kan bli ei utfordring på sikt.
- Vi ser ein generell nedgang i tal studentar som vel barnehagelærarutdanning, og det kan bli vanskeleg å rekruttere ny kompetanse på området.
- Dersom barnehagen opplever redusert barnetal i framtida vil det kunne føre til at det blir færre stillingsheimlar i barnehagen.
- Dersom barnehagen har færre stillingsheimlar kan det føre til færre pedagogar. Dette kan svekke det faglege miljøet i barnehagen.

### Organisering

- Det kan bli behov for å vidareutvikle organiseringa av barnehagen for å møte endringar i barnetalet. Dette kan inkludere endra bruk av ressursar og gruppedeling.
- Organisering av barnegrupper i framtida vil avhenge av tal søkarar og alder på barna.
- Det må i framtida vere samsvar mellom tal barn og tilsette for å følge bemanningsnorma, og for å nytte midlar i sektoren føremålstenleg.

### Lokalsamfunn (struktur)

- For å oppretthalde barnetalet og utnytte kapasiteten i barnehagen er vi avhengig av at folk vel å busette seg i området. Det er behov for både utbygging og sirkulasjon i eksisterande bustadmasse.
- Det er fritt barnehageval i dag og det er foreldra som legg premissar for at barnehagetilbodet blir oppretthalde i lokalsamfunnet
- Foreldreundersøkinga som er gjennomført i prosjektet kvalitet og kapasitet i Sunnfjordbarnehagen syner at det er like viktig å ha eit barnehagetilbod på veg til arbeid, som at barnehagen ligg nær eigen bustad.

For utfyllande detaljar kan du sjå innspela i sin heilskap [her](#).

